
Saksnr: 2020/72107-1
Saksbehandlar: Eva Moberg
Dato: 22.09.2020

Til: Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Frå: Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering

Regionreforma - nye tilskotsordningar på kulturmiljøfeltet 2020

I samband med regionreforma har Stortinget slutta seg til at oppgåver og mynde på kulturminneområdet vart overført frå Riksantikvaren til fylkeskommunane frå 1. januar 2020 (Forskrift om fastsetting av myndighet mv., etter kulturminneloven, av 15 februar 2019) <https://lovdata.no/static/lovtidend/ltavd1/2019/sf-20190215-0127.pdf>

Forvaltninga av dei fleste automatisk freda kulturminna er no overført frå Riksantikvaren til fylkeskommunane. Det same gjeld freda fartøy, forvaltninga av fartøy med status som «verna fartøy», dei fleste forskriftsfreda eigedomane i statleg og privat eige og 15 freda tekniske og industrielle anlegg.

Som del av denne overføring har fylkeskommunane no fått ansvar for fordeling av ei rekke nye tilskotspostar på Statsbudsjettet.

Under vert det gjort kort greie for tilskotsordningane dette gjeld.

Ordningane vert lyst ut på Vestland fylkeskommune si heimeside. Fordeling av tilskot til dei einskilde ordningane vert lagt fram for vedtak i hovudutvalet.

Fartøyvern

Fartøy utgjør ein viktig del av den norske kulturarven, og Vestland er det fylket med flest freda og verneverdige fartøy i landet. I alt har vi 48 fartøy med vernestatus og 6 som er freda. Både tidlegare Sogn og Fjordane og tidlegare Hordaland fylkeskommune har vore med i SAVOS-ordninga og løyvd fylkeskommunale midlar til fartøyvern. Desse midlane har saman med midlar frå Riksantikvaren blitt fordelt til verneverdige fartøy i Vestland.

Riksantikvaren tildelt 14, 53 mill. til fartøy i Vestland i 2020.

For søknadsåret 2021 har fylkeskommunane ansvar for å handsama søknader om tilskot til fartøyvern (Statsbudsjettet kap. 1429 post 74, Klima- og miljødepartementet).

Tilskotsordninga for fartøyvern er eit bidrag frå det offentlege for å støtte opp under arbeidet som frivillige, lag og organisasjonar tek på seg. Ordninga skal bidra til at verna og freda fartøy kan setjast i stand og haldast ved like etter antikvariske retningslinjer.

Gjennom ordninga kan eigarar av verna og freda fartøy søke tilskot til konkrete tiltak innan sikring, istandsetjing og vedlikehald.

I tillegg til denne ordninga har Vestland fylkeskommune eiga søknadsordning for driftstilskot til større flytande verna og freda fartøy med heimeadresse i Vestland. Denne ordninga vert vidareført.

Teknisk industrielle kulturminne

Tekniske og industrielle kulturminne er spor etter industriell kultur med historisk, teknologisk, sosial, arkitektonisk eller vitskapleg verdi. Dei omfattar bygningar og produksjonslinjer med maskineri, samferdsel og øvrig infrastruktur, samt den sosiale delen av industrihistoria med bustadar, religiøse byggverk, skular, rekreasjon- og grøntanlegg.

Ved å gje tilskot til tekniske og industrielle kulturminne skal vesentlege delar av den tekniske og industrielle historia i Noreg bevarast. Det er eit mål å auke kunnskapen om mangfaldet av tekniske og industrielle anlegg, som grunnlag for forskning, formidling, oppleving, bruk og moglege ny bruk. I dette inngår også ivaretaking av handverkskompetansen som er bygd opp ved dei 15 prioriterte anlegga som inngjekk i Riksantikvaren sitt bevaringsprogram frem til 2020. Tre av desse ligg i Vestland og omfattar Salhus Tricotagefabrik, Odda Smelteverk og Tyssedal kraftanlegg.

Riksantikvaren tildelte i 11,35 mill. til tekniske og industrielle anlegg i Vestland i 2020.

For søknadsåret 2021 har fylkeskommunane ansvar for å handsama søknader om tilskot til tekniske og industrielle kulturminne (Statsbudsjettet kap. 1429 post 72, Klima- og miljødepartementet).

Gjennom denne ordninga kan private, kommunale og fylkeskommunale eigarar og forvaltarar av tekniske og industrielle kulturminne søke tilskot til sikring, istandsetting, vedlikehald, kulturminne- og tilstandsregistrering, dokumentasjon og moglegheitsstudie.

Profane mellomalderbygg

Profane (ikkje-kyrkjelege) mellomalderbygningar er blant verdas eldste trebygningar. Det er eit mål å få bygningane opp på eit normalt vedlikehaldsnivå samtidig som bygningane sin kjeldeverdi blir teke vare på. Det er også eit mål at den immaterielle kulturarven i det tradisjonelle bygningshandverket blir ivareteke og styrka. Arbeid på mellomalderbygningane bør difor gjennomførast på ein slik måte at handverkarkompetanse ivaretakast og utviklast.

Riksantikvaren tildelte, samla for heile landet, 5 mill. til profane mellomalderbygg i 2020.

For søknadsåret 2020 har fylkeskommunane ansvar for å handsama søknader om tilskot til istandsetjings-, restaurerings- og sikringstiltak på profane bygningar frå mellomalderen (Statsbudsjettet kap. 1429 post 73, Klima og miljødepartementet).

Gjennom denne ordninga kan private eigarar søke tilskot til istandsetting og tyngre vedlikehald, samt tiltak som bidreg til dokumentasjon, kunnskapsutvikling og forskning på mellomalderbygningar.

Brannsikring av tette trehusmiljø

Tilskot til brannsikring av tette trehusområde skal bidra til den nasjonale målsetjinga om at brannar med tap av uerstattelege nasjonale kulturverdiar ikkje skal skje.

Brann er ein trugsel mot tette trehusmiljø. Brannutsette, tette trehusområde med kulturhistorisk verdi er ein type verneverdige kulturmiljø vi finn spreidd over heile landet. I Vestland er det definert 29 tette trehusområde som har rett til å søke.

Riksantikvaren tildelte 0,85 mill. til brannsikring av tette trehusmiljø i Vestland i 2020.

For søknadsåret 2021 har fylkeskommunane ansvar for å handsama søknader om tilskot til brannsikring av tette trehusmiljø (Statsbudsjettet kap. 1429 post 73, Klima- og miljødepartementet).

Gjennom denne ordninga kan eigarar av bygningar/anlegg innanfor dei definerte tette trehusområda søke tilskot. Kommunar med tette trehusområde kan også søke tilskot.

Tilskot vert gjeve innanfor følgjande hovudkategoriar:

- Oppdaga brann
- Hindre spreieing av brann

- Enkel sløkking
- Utarbeide brannsikringsplan

Ruinar frå mellomalderen

Bevaring og konservering av mellomalderruinar er ofte langsiktige og krevjande prosjekt. Det er eit mål at ruinane vert sett i stand, at det ligg føre oppdaterte planer for skjøtsel, vedlikehald og overvaking, at tiltak i planar vert gjennomført, at det ligg føre oppdatert dokumentasjon av ruinane og at ein bygger opp kompetanse på konservering og murskjøtsel. I Vestland har vi tre større anlegg med mellomalderuinar; Selje Kloster, Lyse kloster og Halsnøy kloster, og nokre mindre anlegg utanfor mellomalderbyen Bergen.

Riksantikvaren tildelte 4,5 mill. til bevaring og konservering av mellomalderruinar i Vestland i 2020.

For søknadsåret 2021 har fylkeskommunane ansvar for å handsame søknader om tilskot til bevaring og konservering av mellomalderruinar (Statsbudsjettet kap. 1429 post 73, Klima- og miljødepartementet).

Gjennom denne ordninga kan eigarar og forvaltarar av mellomalderruinar søke tilskot til tiltak innan konservering, dokumentasjon, skjøtsel/vedlikehald/overvaking, formidling og kompetanseutvikling.